





kunnskapsklyngel  
for musikkterapi



Ansvarleg for årsmeldinga: Brynjulf Stige

Ansvarleg for vedlegg 2: Svitlana Kolesnyk

Ansvarleg for indikatordata og vedlegg 3: Liv Gunnhild Qvale

Ansvarleg for vedlegg 4: Kristianne Ervik / Polyfons erfaringspanel

Fråskriving: Årsmeldinga har nytta opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR). Forfattarane av årsmeldinga er eineansvarlege for presentasjon og tolking av dei utleverte opplysingane. Registerforvaltar for NPR har ikkje ansvar for analysar eller tolkingar baserte på dei utleverte opplysningane.

Alle framsidefoto ved: Julie Amilien Simon / Polyfon

- Oppe til venstre: Polyfons styringsgruppeleiar Randi-Luise Møgster (Helse Bergen) var konferansier under Polyfon-konferansen 2023. Her er det Viggo Krüger (Griegakademiet, UiB) som får Polyfon-paraply etter sitt plenumsforedrag saman med Christine Wilhelmsen (Noregs musikkhøgskole).
- Midten til høgre: Kulturlaget «Kom Nærmore», under leiing av musikkterapeut Johannes Melhus Medlien, avslutta Polyfon-konferansen 2023 med sterke musikkinnslag.
- Nede til venstre: Det avsluttande plenumsføredraget under Polyfon-konferansen 2023 hadde samskapning mellom fag og erfaringsskompetanse som tema, med Kristina Bakke Åkerblom (Høgskulen på Vestlandet) og Torbjørn Mohn-Haugen (Erfaringssentrum) som føredragshaldarar.

---

Årsmeldinga vart godkjend i Polyfons styringsgruppemøte 20. mars 2024.

Frode Thorsen (Universitetet i Bergen), Mads Hagebø (Bergen kommune), Maria Hauser (Betanien Sykehus), Camilla Rødsrud Schøyen (Haugesund kommune), Randi-Luise Møgster (Helse Bergen), Kari Lise Vangsnæs Dybdahl (Helse Fonna), Anne-Grethe Naustdal (Høgskulen på Vestlandet), Anne Kristin Stretre (Lillestrøm kommune), Janiche Buanes Heltne (NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus), John Harald Kaspersen (NORCE), Astrid Kvalbein (Noregs musikkhøgskole), Per Morten Ekerhovd (Vestland fylkeskommune/Partssamarbeid Vestland), Kristianne Ervik og Anita Lid (Polyfons erfaringspanel).

*Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi* er koordinert av Griegakademiet, Universitetet i Bergen.

Postadr.: c/o Griegakademiet, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Besøksadr.: GAMUT, Nina Griegs gt. 4, 5015 Bergen. E-post: [polyfon@uib.no](mailto:polyfon@uib.no).

Klyngeleiar: Brynjulf Stige, tlf. 971 69 746.

## Forord


Polyfon-deltaking handlar om å vere med på å løfte eit løfterikt men uferdig felt og sjølv verte løfta av ein fagleg fellesskap. I dette samarbeidet bidreg alle klyngedeltakarane med viktige ressursar og kompetansar. Vi ønskjer ikkje å framheve innsatsen til den eine klyngedeltakaren framføre andre, men vil likevel sende ei gratulasjonshelsing og ein takk til Noregs musikkhøgskole, som i 2023 var 50-årsjubilant og samstundes var med på å setje musikkterapi på kartet gjennom faglege bidrag til NRK-serien Demenskoret. Musikkens verdi for helse, livskvalitet og samfunnssdeltaking vart eit samtaleemne i Noreg i løpet av 2023. Eit nytt grunnlag er lagt for forskingsinformert tenesteutvikling, forsking, utdanning og formidling.

Korleis kan klynga best byggje vilkår for kvalitet i tenesteutvikling, forsking, utdanning og formidling? Det er mykje av det Polyfons strategiprosess i 2023 handla om. Ei strategigruppe var i arbeid gjennom heile året, med representantar frå Erfaringspanelet og alle dei ti klyngedeltakarane. Det resulterte i at eit grundig gjennomarbeidd forslag til ny strategi vart lagt fram for styringsgruppa i desember. Vi takkar strategigruppa for eit flott arbeid, samstundes som vi også vil takke alle dei andre som bidrog i strategiprosessen, i diskusjonar hjå dei ulike klyngedeltakarane og i ulike innspelsrundar og innspelsseminar. Det breie engasjementet vi har sett inspirerer, og det har påverka både prosessen og produktet på ein veldig fin måte.

I 2024 skal strategidokumentet ut på høyring og vi byrjar arbeidet med å utvikle handlingsplanar forankra i strategien. Det gler vi oss til!



Randi-Luise Møgster  
Styringsgruppeleiar



Brynjulf Stige  
Klyngeleiar

## Innhold

Forord	3
Samandrag	5
<b>1 Tenesteutvikling</b>	<b>7</b>
Klyngeaktivitet	7
Indikatordata	8
Vurderingar	9
<b>2 Forsking</b>	<b>10</b>
Klyngeaktivitet	10
Indikatordata	12
Vurderingar	14
<b>3 Utdanning</b>	<b>15</b>
Klyngeaktivitet	15
Indikatordata	16
Vurderingar	18
<b>4 Formidling</b>	<b>19</b>
Klyngeaktivitet	19
Indikatordata	21
Vurderingar	22
<b>5 Føresetnader for samskaping</b>	<b>24</b>
Samhandling innanfor klynga	24
Nasjonal og internasjonal samhandling	24
Føringer og samfunnsbehov	25
Vedlegg 1: Generelt om kunnskapsklynga Polyfon	26
Vedlegg 2: Rekneskapsrapport for Polyfon for 2023	27
Vedlegg 3: Polyfon-relaterte vitskaplege publikasjonar i 2023	28
Vedlegg 4: Årsrapport 2023 fra Polyfons erfaringspanel	33

## Samandrag

Kunnskapsklynga Polyfon arbeider for at musikk som helseressurs skal takast i bruk i heile landet, på ein brukarorientert og kunnskapsinformert måte. I løpet av 2023 er forslag til ein ny strategi for klynga utarbeidd. Ein høyringsversjon vart vedtatt i desember 2023 og går ut på høyring tidleg i 2024.

Årsmeldinga rapporterer høg klyngeaktivitet på mange område, og presenterer og vurderer aktuelle indikatordata på samfunnseffektar. Årsmeldinga er organisert etter dei fire delmålsetjingane som var gjeldande for klynga i 2023, knytt til 1) Tenesteutvikling, 2) Forsking, 3) Utdanning og 4) Formidling.

I kapittel 1 om tenesteutvikling vert det minna om at dette både omfattar behandlingsorientert musikkterapi i helsevesenet og musikkterapi som psykososial ressurs i ulike kontekstar. Samstundes ser vi fleire tiltak som byggjer bru mellom sektorar, i grenselandet mellom kunst- og kulturdeltaking og helsefremmande og livskvalitetsstyrkande tiltak. Vidare utvikling av kvalitet i tenestene vil krevje god kontinuitet, dokumentasjon og evaluering og konstruktiv kritikk og diskusjon. Vi ser gode eksemplar på at klyngedeltakarane brukar Polyfons ordningar og faglege aktivitetar med dette for auge. Det vil vere nyttig å sjå på om dette kan utviklast og systematiserast ytterlegare. I indikatordelen av kapittelet om tenesteutvikling vert data frå Norsk pasientregister (NPR) lagt fram. Skilnaden mellom tilboda i Helse Sør-Øst og Helse Vest og dei to andre helseregionane tyder på at det å ha musikkterapiutdanning i ein region fremmer implementering. Vi ser elles at utviklinga sidan 2016 har gått raskare i Helseregion Vest enn i nokon annan region. Dette er førebels den einaste regionen der det meste av spesialisthelsetenesta deltek i klyngesamarbeidet, noko som tyder på at det systematiske samarbeidet i Polyfon styrker og held ved like effekten av å ha musikkterapiutdanning i ein region. Med andre ord: Klynga bidrar til samskaping av tilbod og tenester og det er ei viktig oppgåve framover å prøve å spreie arbeidsmåtar og klyngedeltaking til fleire regionar i landet.

Kapittel 2 om forsking viser at Polyfon i 2023 har gitt ut kr 453 400,- i forskingsstøtte, til 9 ulike prosjekt ved Griegakademiet (UiB), Høgskulen på Vestlandet, NORCE og Noregs musikkhøgskole. Utviklinga dei seinare åra har vore at søknadssummen har gått opp, medan tilgjengelege ressursar til tildeling har gått litt ned. Det er grunnar til å sjå på om klyngas økonomiske kraft til å lyse ut midlar til forskingsstøtte kan styrkast i åra framover. Når det gjeld søknadsmengde og tildelingar til sommarstipend for musikkterapistudentar, ser vi at dette har variert mykje frå år til anna. Det er difor relevant å sjå nærmare på om informasjonsarbeidet og samarbeidet med studentane om førebuing av slike stipendsøknader kan forbetra. Vi ser elles at fleire fagpersonar med doktorgradskompetanse innan musikkterapifeltet vil arbeide i praksisfeltet i åra framover. Det vert då eit spørsmål om ein aktivt kan leggje til rette for at denne nye situasjonen vert brukt konstruktivt til å byggje nye mogelegheiter for praksisnær forsking og samarbeid mellom akademia, utøvarar og brukarar. Indikatordata for publisering viser at nivået for tal vitskaplege publikasjonar har vore stabilt dei siste tre åra, med mindre svingingar. Gitt at forskingsmiljøa i klynga er små, må 35 publikasjonar i 2023 kunne reknast som høg og god aktivitet. Heile 7 av 10 klyngedeltakarar har vore aktive med publisering av vitskaplege artiklar i 2023, noko som er positivt. Det er likevel berre få klyngedeltalarar som publiserer i noko særleg omfang.

Kapittel 3 om utdanning viser at Polyfon byggjer samarbeid mellom dei to norske musikkterapiutdanningane og støttar ulike seminar og etterutdanningsinitiativ. Den årlege [Polyfon-konferansen](#) er ein viktig etter- og vidareutdanningsarena og samla i 2023 deltakarar frå fleire ulike delar av landet. Arbeidsgruppa for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning heldt fram sitt viktige arbeid i 2023. Indikatordata for nasjonal utdanningskapasitet viser at denne er for låg, dersom ein i løpet av nokre tiår skal nå målet om å gjere musikkterapi tilgjengeleg på ein meir likeverdig måte i heile landet. Samstundes viser andre indikatordata at søknaden til musikkterapistudiet ikkje har gått opp dei seinare åra, snarare litt ned. Dette er bakgrunnen for at Polyfon i 2023 tok initiativ til etablering av eit nytt rekrutteringsnettverk. Tanken er å gje lokalt og regionalt rekrutteringsarbeid eit løft, gjennom nasjonal samordning og støtte.

I kapittel 4 om formidling ser vi at Polyfon arbeider aktivt med formidling i det offentlege rom., i 2023 m.a. gjennom eit høyringssvar til NOU 2023: *4 Tid for handling*. Polyfon delte i 2023 ut kr 104 200 i formidlings- og arrangementsstøtte. 6 ulike aktørar fekk støtte: Bergen kommune, Griegakademiet (UiB), Helse Bergen, NORCE, Noregs musikkhøgskole og Polyfons erfarringspanel. Noko av det aller viktigaste når det gjeld formidling i 2023 er elles Noregs musikkhøgskoles faglege bidrag til NRK-serien Demenskoret, ein serie som har sett musikkens verdi for helse, livskvalitet og samfunnsdeltaking på kartet på nye måtar i heile landet.

Kapittelet beskriv elles dei ulike former for formidlingsarbeid klynga driv. Ei samla vurdering vil vere at nasjonale medium, politikarar osb. har fått med seg at musikkterapeutisk praksis og forsking har noko å vise til. Musikkterapi er i aukande grad ein synleg del av samfunnet vårt. Med denne nye situasjonen veks det også fram større breidde i korleis musikkterapi vert representert. Ofte ser vi hyggelege oppslag om musikkens mogelegheiter, men oftare enn før er musikkterapi også ein del av debattar om vanskelege problemstillingar. Dette understrekar behovet for å arbeide seriøst med ulike sider av formidlingstematikken.

I det avsluttande kapittel 5 vert det m.a. peika på at det strategiske samarbeidet med ulike regionale og nasjonale kompetansemiljø er styrkt i 2023. Utfordringsbildet for den norske velferdsstaten er ein del av bakteppet for Polyfon-samarbeidet, og styringsgruppa bestemte i 2022 at det i 2023 skulle utarbeidast ein ny strategi for klynga. Ein høyringsversjon av den nye strategien vart vedtatt i desember 2023. Mange av dei utfordringane og mogelegheitene som dei ulike kapitla i årsmeldinga peikar på, vil vere ein del av utgangspunktet for arbeidet med handlingsplanar som skal initierast i 2024.



Polyfon er med på å setje spørsmål på viktige spørsmål i fagfeltet. Her ser vi representantar for erfaringskompetanse, praktikarkompetanse, forskarkompetanse og leiarkompetanse diskutere erfaringar med å etablere og utvikle musikkterapibilde. Foto: Julie Amalien Simon.

## 1 Tenesteutvikling

Klyngas hovudmål (slik det er formulert i det strategidokumentet som gjeld til og med året 2023) er «Musikkterapi til alle som ønsker og treng det». Arbeid med klyngas 4 delmål skal vere med på å realisere hovudmålet. Delmål 1, om tenesteutvikling, er: *Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2023, under overskriftene *Klyngeaktivitet, Indikatordata og Vurderingar.*

### Klyngeaktivitet

Musikkterapi er enno nytt i tenestene og mange av klyngedeltakarane er framleis i ein fase der det å bygge opp fleire musikkterapistillingar er ein føresetnad for meiningsfull tenesteutvikling. Nokre av initiativa hjå klyngedeltakarane i 2023 for oppbygging av nye musikkterapitilbod var:

- Ein ny ROP sengepost (for pasientar med samtidige rus- og psykisk helseutfordringar) vart opna ved Haukeland universitetssjukehus heilt tidleg i 2023. Ei ny musikkterapeutstilling var knytt til den nyopna posten frå starten av, noko som gav særleg gode vilkår for å integrere musikkterapitilboden i det tverrfaglege behandlingsteamet. Under Polyfon-konferansen i november fekk vi høyre om dei gode erfaringane med dette, gjennom ein plenumspresentasjon av Pablo Tellez (musikkterapeut) og Kristian Toppe Aarlie (assisterande seksjonsleiar). Diverre fekk vi også erfare at den svært vanskelege økonomien ved sjukehuset gjorde at den nye posten vart stengd ned etter under eitt års drift. Ei lita trøyst er det at musikkterapeutstillinga vart overført til andre postar ved Psykiatrisk klinikk, der samarbeidserfaringane frå pionertida ved ROP-posten vil vere til nytte i vidare fagutvikling.
- Som ein del av Helse Fonnas arbeid med å bygge ut musikkterapi systematisk i psykisk helsevern, vart ei 100 % fast musikkterapeutstilling ved BUP Haugesund lyst ut og musikkterapeut tilsett i 2023. Det er etablert gode ordningar for tverrfagleg samarbeid og klinisk rettleiing. Nasjonalt er det framleis få musikkterapeutstillingar i psykisk helsevern for barn og unge. Blant klyngedeltakarane elles er det snakk om ein musikkterapeut i Førde BUP og to i psykisk helsevern for barn og unge i Helse Bergen. Dette er difor eit lite og uferdig felt i utvikling som det er gode grunnar til å følgje godt opp i åra som kjem.
- I slutten av november gjorde fylkesutvalet i Vestland vedtak om å invitere kommunar og frivillige organisasjoner til eit samarbeidsforum for kultur og helse, der ei satsing på musikkterapi vert ein viktig del, ikkje minst med tanke på arbeid med skolemiljø og psykisk helse i den vidaregåande skulen. Vedtaket er grundig forankra i fylkeskommunens planar og kan vurderast som eit gjennombrot for dette arbeidet i fylkeskommunal regi. Vedtaket inneber ny giv i fylkeskommunens satsing på kultur og helse, inkludert utvikling av nye tenester innan musikkterapi i vidaregåande opplæring.

Brukarmedverknad i utvikling av tenestetilbod er eit viktig prinsipp i Polyfon-samarbeidet. Dette gjeld også lågterskeltilbod og ulike oppfølgingstilbod etter behandling i klinikken. I 2022 var det skipingsmøte for Gjenklang-festivalen som ideell organisasjon. I 2023 vart nye initiativ tatt i utvikling av større breidde i denne type tilbod, der kulturarbeid møter helsefremmande arbeid. Vi kan nemne tre eksempler:

- Kan du ikkje komme til kulturen? Vel, då kjem kulturen til deg. Det er slett ikkje alltid slik. Men Fyllingsdalen Behandlingsenter har gjennom fleire år no utvikla ein kulturfestival som prøver å realisere dette prinsippet. I eit [innslag i Vestlandsrevyen](#) forklarar musikkterapeut og festivalleiar Gerd Karine Lunde Torsvik kva festivalen er og kvifor behandlingsenteret prioriterer dette arbeidet.
- I slutten av august markerte MO Eidsvåg, MO-senteret Wergeland og Kirkens bymisjon Verdas overdosedag med ein annleis musikkfestival, som fekk namnet Skranglefest. Festivalen vart arrangert med støtte frå Polyfon og hadde både grundig brukarmedverknad og solid leiarforankring.
- Den 27. november samla over 30 artistar i alle aldrar seg på Store Scene ved DNS. Her kunne du oppleve mange talent, i samspel med aktørar frå Bergen musikkterapisenter og musicalteatergruppa «Musikalløvene». Bergen kommune skriv i sin omtale: «Sammen har de skapt en forestilling med stor kraft: en hjertevarm musikkteaterforestilling som handler om vennskap, utenforskap og kjærlighet».


Tenesteutviklinga hjå klyngedeltakarane omfattar med andre ord både behandlingsorientert musikkterapi i helsevesenet og musikkterapi som pedagogisk og psykososial ressurs i ulike kontekstar. Musikkterapi som

ein del av helsefremmande og/eller sosialt arbeid er også ein del av breidda i feltet. Samstundes ser vi altså fleire tiltak som byggjer bru mellom sektorar, i grenselandet mellom kunst- og kulturdeltaking og helsefremmande og livskvalitetsstyrkande tiltak.

## Indikatordata

Som tidlegare år, har Polyfon for 2023 søkt Norsk pasientregister (NPR) om opplysningar om spesialisthelsenesta sin bruk av prosedyrekodar for musikkterapi. Prosedyrekoden «IBBE00» finst i NPR-data frå og med 2016. Frå og med 2019 gjeld prosedyrekode «IBBE10» for individuell musikkterapi og frå og med 2020 også prosedyrekode «IBBE20» for gruppebehandling gjennom musikkterapi.

Bruk av kodane dukkar som tidlegare år opp i data frå sektorane somatikk, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og psykisk helsevern for vaksne. Frå og med 2022 føreligg det også data for rehabilitering, men koden har så langt vore svært lite brukt på dette feltet. Figur 4.1 viser bruken for perioden 2016-2023, fordelt mellom dei fire helseregionane i landet.



*Figur 4.1: Tal pasientar i spesialisthelsetenesta som i perioden 2016-2023 er registrerte med kode for musikkterapi i sektorane somatikk, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), psykisk helsevern for vaksne og rehabilitering. Kjelde: Norsk pasientregister (NPR). NB: NPR har ikkje ansvar for analysar og vurderingar baserte på desse opplysningane.*

Både i Helse Sør-Øst og i Helse Vest har det vore ein klar vekst i tilbod sidan 2016, sjølv om det somme år har flata av eller gått litt ned igjen. I Helse Midt og Helse Nord er prosedyrekodane brukte svært lite, men det har vore ein liten vekst i Helse Midt dei siste åra.

Vi presiserer at det må takast høgde for feilmarginar i tala, då det kan vere tilbod som ikkje vert registrerte med rett kode. Kanskje slår dette meir ut der musikkterapi er minst etablert, altså i Midt-Noreg og Nord-Noreg. Elles må vi sjølvsgart justere for folketal i kvar region. Dersom musikkterapi var like tilgjengeleg i alle regionar, skulle t.d. Helse Sør-Øst si søyle vere tre gonger så høg som Helse Vest si, medan ho altså er lågare.

## Vurderingar

Skilnaden mellom tilboda i Helse Sør-Øst og Helse Vest på den eine sida og Helse Midt og Helse Nord på den andre, tyder på at det å ha musikkterapiutdanning i ein region fremmer implementering. Ut av figur 4.1 ser vi elles at utviklinga sidan 2016 har gått raskare i Helseregion Vest enn i nokon annan region.

Helseregion Vest er førebels den einaste regionen der det meste av spesialisthelsetenesta deltek i klyngesamarbeidet. Dette tyder difor på at det systematiske samarbeidet i Polyfon styrker og held ved like effekten av å ha musikkterapiutdanning i ein region og bidreg til at fleire av dei som ønskjer og treng det får tilgang til musikkterapi. Det er sannsynleg at ein slik effekt skuldast fleire faktorar, m.a. at klyngesamarbeidet stimulerer til leiarforankring av implementerings-prosessar, til styrkt brukarmedverknad og til erfaringsdeling aktørar i mellom.

Kort sagt: klynga bidrar til samskaping av tilbod og tenester. Dei positive erfaringane frå Helseregion Vest peikar i retning av at det er ei viktig oppgåve å prøve å spreie arbeidsmåtar og klyngedeltaking til fleire regionar i landet.

I tillegg til dei hovudtendensane som vi her har skissert, ser vi også eit par detaljar i figur 4.1 som det kan vere grunnlag for å vurdere og drøfte nærmare i klyngesamarbeid:

- Talet pasientar som fekk tilbod om musikkterapi i Helse Vest har gått litt tilbake i 2023. Det avspeglar truleg at veksten i nye musikkterapistillingar i denne helseregionen har flata ut dei siste åra, noko som neppe reflekterer at behovet for musikkterapitilbod er dekka.
- Helse Bergen har tatt musikkterapi i bruk i rehabilitering, om enn førebels berre med ei fast musikkterapeutstilling. Dette arbeidet er altså førebels ikkje synleg i NPR-statistikken.

Tala og vurderingane gitt over gjeld altså spesialisthelsetenesta. Nasjonale tal for omfanget av musikkterapitilbod i kommunal sektor finst førebels ikkje. Ut i frå den kontakta vi har med kommunane, antar vi at mønsteret her ikkje er heilt ulikt det ein ser for spesialisthelsetenesta. Det er vekst og utvikling i tilbod, men det går ikkje veldig fort og det er store skilnader mellom ulike geografiske regionar.



*Polyfons samarbeid mellom akademia, utøvarar og brukarar, med sikte på systematisk integrering av musikkterapi i tenester og tilbod, vekkjer internasjonal interesse. Her ser vi ei gruppe japanske forskarar som besøkte Bergen i september 2023 for observasjon og diskusjon av Polyfons arbeid. Foto: Masao Sugita, Fukushima University.*

## 2 Forsking

Klyngas delmål 2, om forskning, er: *Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2023.

### Klyngeaktivitet

Polyfon lyser ut midlar til forskingsstøtte to gonger i året, med søknadsfristane 1. februar og 1. oktober. Dette er utlysingar alle deltakarane kan søkje på. Følgjande forskingsprosjekt fekk støtte frå Polyfon i 2023:

Våren 2023:

- Monika Geretsegger (NORCE) fekk kr 90.000,- til prosjektet «Developing a research protocol with users and stakeholders in the field of music therapy and substance use».
- Kjetil Hjørnevik (Griegakademiet, UiB) fekk kr 33.400,- til prosjektet «Terapeutisk musikkmiljø i Bergen».
- Karette Stensæth (CREMAH, Noregs musikkhøgskole) fekk kr 75.000,- til prosjektet «Analyse og kvalitative utdypninger av survey (en kartleggingsundersøkelse) av demenskor i Norge».
- Anne Kristine Wallace Turøy (Høgskulen på Vestlandet) fekk kr 55.000,- til prosjektet «Syngende vernepleiestudenter».

Hausten 2023:

- Bettina Flater (CREMAH, Noregs musikkhøgskole) fekk kr 55.000,- til prosjektet «Hjerterytmevariabilitet (HRV) og subjektiv opplevelse i musikkterapi i psykisk helsevern: en eksplorativ, deltagende, dobbel case studie».
- Christian Gold (NORCE) fekk kr 50.000,- til prosjektet «Synchrony between parent and preterm infant during music therapy».
- Viggo Krüger (Griegakademiet, UiB) fekk kr 20.000,- til prosjektet «Kartlegging av musikkopplegg som forebyggende tiltak mot skolefrafall i videregående skoler i Vestland Fylke».
- Silje Måseide (CREMAH, Noregs musikkhøgskole) fekk kr 25.000,- til prosjektet «Utvikling av musikkterapi på en nyoppstartet barnepalliasjonsavdeling».
- Lars Tuastad (Griegakademiet, UiB) fekk kr 20.000,- til prosjektet «Musikkterapeuters erfaringer fra oppsøkende virksomhet innen psykisk helse og rus».
- Guro von Germeten (CREMAH, Noregs musikkhøgskole) fekk kr 30.000,- til prosjektet «Gender-neutral voice training: understanding, experiencing, and performing voice and gender in contemporary vocal societies».

Vidare lyser klynga ut midlar til sommarstipend for musikkterapistudentar, med søknadsfrist 1. februar. Kunnskapsklynga kunne i 2023 dele ut følgjande sommarstipend:

- Joachim Dalgård (Noregs musikkhøgskole) fekk eit sommarstipend på kr 40 000,- til prosjektet: «Musikkterapi som distraksjon fra ettermåltidsangst i pasienter innlagt for behandling av anoreksi – en replikasjonsstudie». Rettleiarar: førsteamanuensis II Are Brean.
- Anita Rødven (Noregs musikkhøgskole) fekk eit sommarstipend på kr 20 000,- til prosjektet: «Hvilket forhold har en gruppe personer med kjønnsinkongruens til egen stemme, kjønnsidentitet, musikk og gruppe-deltakelse før oppstart av et pilotprosjekt med musikkterapi og logopedi?». Rettleiarar: musikkterapeut/universitetslektor Ruth Eckhoff og førsteamanuensis Hans Petter Paulen Solli.
- Sanna Martine Sørum (Griegakademiet, UiB) fekk eit sommarstipend på kr 20 000,- til prosjektet: «Refleksjon rundt musikkterapeutens oppgaver og utfordringer i ‘trommeterapi’ for personer med Parkinsons sykdom». Rettleiarar: førsteamanuensis Kjetil Vikene og professor Wolfgang Schmid.
- Julie Liisberg (Griegakademiet, UiB) fekk eit sommarstipend på kr 40 000,- til prosjektet: «Kartlegging av norske musikkterapeuters kompetanse, erfaringer og holdninger rundt kjønns-mangfold». Rettleiarar: førsteamanuensis Simon Gilbertson og musikkterapeut/universitetslektor Ruth Eckhoff.

I tillegg til utlysingane av forskingsstøtte og sommarstipend, arbeider klynga med å styrke forsking gjennom faglege tiltak som forskingsrelaterte webinar og seminar, rådgjeving om prosjektutforming, osb. Verdien av

å styrke brukarmedverknad i forsking er understreka i klyngas retningslinjer for forskingsstøtte, og Polyfon bidreg dessutan til styrkt samhandling mellom akademia og tenester.

Blant klyngedeltakarane var det i 2023 fire disputasar for forsvar av nye doktoravhandlingar innan musikkterapi / musikk og helse. Dette er avhandlingar som er med på å byggje opp framtidig forskingskompetanse både i tenestene og i dei akademiske institusjonane i klynga:

- 20. januar disputerte Tora Söderström Gaden ved Fakultet for kunst, musikk og design, UiB, på ei avhandling om musikkterapi for prematurfødde barn og foreldra deira. Toras avhandling spring ut av ein stor internasjonal RCT finansiert av Noregs forskingsråd og knytt til NORCE. Etter stipendperioden gjekk Gaden til ei musikkterapeutstilling i Bergen kommune.
- 14. april disputerte Guro Parr Klyve ved Fakultet for kunst, musikk og design, UiB, med avhandlinga «The importance of fun: Perceptions of music therapy for children at an inpatient unit in mental health care». Etter stipendperioden gjekk Klyve tilbake til musikkterapeutstillinga si i Helse Bergen.
- 20. juni disputerte Christine Henriksen Ødegaard ved Det medisinske fakultet, UiB, med avhandlinga «Medication free treatment for people with psychosis». Avhandlingsarbeidet har vore finansiert av Helse Bergen. I avhandlingas kappe vert musikkterapi løfta fram som eit godt eksempel på recovery-orientert behandlingspraksis og den eine av dei tre artiklane i avhandlinga fokuserer spesifikt på erfaringar og utfordringar med å implementere musikkterapi i psykisk helsevern.
- 23. november disputerte Ingvild Stene ved Noregs musikkhøgskole på avhandlinga «Musikk som reguleringsstøtte. En studie av Terapeutisk Musikklytting (TML) og spiseforstyrrelser». Etter stipendperioden gjekk Stene til ei musikkterapeutstilling ved Drammen sykehus.


Disputasane i musikkterapi i 2023 viser ein tydeleg tendens: Det er etter kvart mogeleg for kommunar og helseføretak å knyte til seg musikkterapeutar med forskingskompetanse på doktorgradsnivå.

The screenshot shows a news article from the Forsker forbundet website. The header includes the logo 'FORSKER FORBUNDET' and navigation links for 'Min side', 'Søk', 'No / Eng', and 'Meny'. The breadcrumb navigation shows 'Forside > Nyheter > 2023 > Hjernekraftprisen til Karette Stensæth!'. The main title is 'Hjernekraftprisen til Karette Stensæth!'. Below the title is a text snippet: 'Forsker forbundets Hjernekraftpris for 2023 ble i dag tildelt professor Karette Stensæth, for hennes arbeid med musikk som helsefremmende ressurs.' To the right of the text is a portrait photo of Karette Stensæth, a woman with long grey hair, smiling. A caption next to the photo reads: 'Musikkterapiforskjarar genererer aktuell og samfunnsrelevant kunnskap, noko Forskerforbundet har vist at dei set høgt, ved å gje Hjernekraftprisen 2023 til Karette Stensæth, professor ved Noregs musikkhøgskole og leiar for forskingssenteret CREMAH. Skjermdump frå Forskerforbundet si nettside.'

## Indikatordata

Indikatordata omfattar her søknadssummar, tildelingar og publikasjoner.



Søknadsaktivitet og tildelingar sidan 2015 for Polyfons utlysingar av midlar til forskingsstøtte kjem fram av figur 2.1. Søknader er vurderte av ein ekstern komité med erfarte forskarar med professorkompetanse.



Figur 2.1: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons prosjektmidlar (såkornmidlar) 2015-2023.

Dei siste åra ser vi altså to utviklingstendensar. For det første har tal søknader gått ned medan samla søknadssum har gått opp. Dei søknadene som er sendt til Polyfon har altså vore større enn tidlegare. For det andre har søknadssummen til Polyfon gått markant opp dei siste åra, medan tilgjengelege ressursar til tildeling har gått litt ned. Fleire søknader enn tidlegare har altså fått avslag eller nedkorting av tildeling.

I tillegg til forskingsstøtte, der det vert lyst ut midlar to gonger i året, lyser Polyfon ut sommarstipend for musikkterapistudentar, med søknadsfrist 1. februar. Også desse søknadene vert vurderte av ein ekstern komité med erfarte forskarar med professorkompetanse. Søknadsmengda og tildelingsnivået har variert noko frå år til anna. Søknadsaktivitet og tildelingar sidan 2015 går fram av Figur 2.2:



Figur 2.2: Søknadsaktivitet og tildelingar til Polyfons sommarstipend for studentar 2015-2023.

Forskningsstøtte og tildelingar av sommarstipend bidreg til publikasjonar både direkte og indirekte, ved at det kjem publikasjonar ut av dei prosjekta som får støtte og ved at desse prosjekta ofte bidreg til realisering av større forskingsprosjekt som genererer nye publikasjonar. Figur 2.3 gjev oversikt over klyngerelaterte publikasjonar dei siste fem åra:



Figur 2.3: Tal unike vitskaplege publikasjonar i klyngesamarbeidet i 2019-2023.

## Vurderingar

Når det gjeld dei midlane Polyfon lyser ut til forskingsstøtte, har utviklinga dei seinare åra altså vore at søknadssummen har gått markant opp, medan tilgjengelege ressursar til tildeling har gått litt ned. Det er positivt at søknadssummen går opp, men når tildelingssummane går ned inneber det då at fleire søknader enn tidlegare har fått avslag eller nedkorting av tildeling. For 2023 var det snakk om ein samla søknadssum på kr 1 085 426,- og ei samla tildeling på kr 453 400,-. Det er framleis ein ganske høg tildelingsprosent. Men dette er såkornmidlar som skal stimulere forskingsinitiativ og samarbeid som kan generere fagleg utvikling og eksterne søknader, så det er grunnar til å sjå på om klyngas økonomiske kraft til å lyse ut midlar til forskingsstøtte kan styrkast i åra framover.

Søknadsmengda og tildelingar til sommarstipend for musikkterapistudentar har altså variert vært mykje frå år til anna. Stipenda er for tida på kr 40 000,-, der det i 2023 vart søkt om fem stipend, og tildelt to heile og to halve stipend, til saman kr 120 000,-. Sommarstipenda er knytt til andre prosjekt og/eller bidreg aktivt til fag- og prosjektutvikling på andre måtar. At det enkelte år har vore få søknader om stipend kan vere «naturleg», ved at det kan variere frå kull til kull kor stor forskingsinteressa er blant studentane. Samstundes: Sommarstipenda bidreg aktivt til å byggje forskingsinteresse og -kompetanse, så det er grunnar til å sjå nærmare på om informasjonsarbeidet og samarbeidet med studentane om førebuing av sommarstipendsøknader kan forbetra.

I årsmeldinga for 2022 peikte vi på at ikkje alle klyngedeltakarane brukar Polyfons utlysingar av midlar til forskingsstøtte like aktivt. For å sikre god, praksisnær og brukarorientert kunnskapsutvikling, vil det vere ønskjeleg å auke forskingsaktiviteten i tenestene og praksisfeltet ytterlegare. Styrkt musikkterapeutisk forskingskompetanse i tenestene vil vere viktig i så måte. Som vi har sett, viser utviklinga i 2023 at fleire fagpersonar med doktorgradskompetanse innan musikkterapifeltet tar (og får) arbeid i praksisfeltet. Mykje tyder på at denne utviklinga kan halde fram. For kunnskapsklynga Polyfon, som skal stimulere forskingsinformert praksisutvikling og praksisnær forsking, vil det då verte eit spørsmål om ein aktivt kan legge til rette for at denne nye situasjonen vert brukt konstruktivt og faktisk skapar nye mogelegheiter for praksisnær forsking og samarbeid mellom akademia, utøvarar og brukarar.

Når vi ser på indikatordata for publisering, ser vi at nivået har vore stabilt dei siste tre åra, med mindre svingingar. Gitt at forskingsmiljøa i musikkterapi / musikk og helse er relativt små, må 35 publikasjonar i 2023 kunne reknast som høg og god aktivitet. Publikasjonslista i vedlegg 3 viser i tillegg at heile 7 av 10 klyngedeltakarar har vore aktive med publisering av vitskaplege artiklar i 2023. Går vi nokre år tilbake, var berre to-tre klyngedeltakar aktive med vitskapleg publisering innan fagområdet, så dette er ei positiv utvikling. Det er likevel framleis berre nokre få klyngedeltalarar som publiserer i noko særleg omfang.



T.v. ser vi Guro Parr Klyve (Helse Bergen) og t.h. Christine Wilhelmsen (Noregs musikkhøgskole) under Polyfonkonferansen 2023. Guro er ein av fleire musikkterapeutar med doktorgrad som no arbeider i tenestene. Foto: Julie Amalien Simon.

## 3 Utdanning

Klyngas delmål 3, om utdanning, er todelt. Delmål 3a: *Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.* Delmål 3b: *Emne og/eller kurs om MT er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanninger.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette todelte delmålet i 2023.

### Klyngeaktivitet

Polyfon byggjer samarbeid mellom dei to norske musikkterapiutdanningane, m.a. gjennom [Ressursgruppa](#), med representantar frå begge fagmiljø. Nytt i 2023 var elles at Polyfon tok initiativ til eit [nasjonalt nettverk, for rekruttering og mangfald](#). Nettverket skal styrke rekrutteringa til musikkterapiutdanningane, bidra til at det vert lettare å rekruttere til musikkterapeutstillingar i heile landet og til styrkt mangfald i faget.

Polyfon støttar ulike seminar og etterutdanningsinitiativ, der eit eksempel i 2023 er fagdagen om musikkterapi i FACT/FACT-ung, arrangert 8. november, som ein forkonferanse til sjølve Polyfon-konferansen. Bak initiativet stod Viggo Krüger (Griegakademiet, UiB), Marie Skåland (Ansgar høyskole) og Hans Petter P. Solli (Noregs musikkhøgskole). Seminaret samla dei fremste fagfolka på feltet i Noreg, med presentasjonar både av forsking og praksis. Ei viktig styrking av programmet var at to av Polyfons nasjonale samarbeidspartar, kompetansesenteret NAPHA og kompetansetenesta NKROP, deltok med dyktige fagfolk.

Den årlege [Polyfon-konferansen](#) er ein viktig etter- og vidareutdanningsarena. Konferansen i 2023 var godkjend både av Legeforeningen og Psykologforeningen som etter-/vidareutdanning og som vedlikehaldskurs for spesialistar. Konferansetemaet i 2023 var «*Nyttig helsearbeid i nye tider*» og konferansen vart eit fleirstemt møte, med dialogar mellom fag-, leiar- og brukarstemmer. I tillegg til plenumspresentasjonar og -responsar var det både parallellesesjonar, rundebordekonferanse og posterutstilling. Erfaringspanelet stod for ein «levande poster» som gav konferansedeltakarane høve til å kome med innspel til panelet sitt arbeid. Det var rekordinteresse for konferansen i 2023, med ca. 200 personar påmeldte sjølve konferansen, pluss dei som i ulike delar av landet følgde direktestrøyminga av plenumsdelen av konferansen. Polyfon arbeider meir nasjonalt enn tidlegare, og konferansen var også meir nasjonal denne gongen. For første gong var det med deltakarar frå alle helseregionane i landet vårt: Nord, Midt, Vest og Sør-Øst.




Av aktivitet knytt til delmålsetjing 3b, vil vi nemne at arbeidsgruppa for tverrfagleg samarbeid om profesjonsutdanning heldt fram sitt viktige arbeid i 2023, under leiing av Monika Overå (Noregs musikkhøgskole). Musikk og folkehelse i sjukepleieutdanninga og musikk i aktivitetsfaget i barnevernsutdanninga har vore to av temaa som gruppa har arbeidd med.

## Indikatordata



Som indikatorar for delmål 3a, går studieplassar, søkeratal, registrerte og uteksaminerte kandidatar ved dei to norske musikkterapiutdanningane fram av Figurane 3.1 og 3.2.

Figur 3.1 viser tala for UiB sidan 2019. Som vi ser, er tala relativt stabile, men vi ser at det frå 2019 til 2023 har vore ein liten nedgang i tal søkerarar, både når det gjeld søkeratal totalt og tal primærsøkerarar. Tal registrerte studentar gjeld ved studiestart.



Figur 3.1: Søkjartal og studieaktivitet for UiB i perioden 2019-2023, for femårig integrert masterprogram i musikkterapi.

Figur 3.2 på neste side viser tal for Norges musikkhøgskole, som har ein annan studiemodell enn UiB. Medan UiBs utdanning er eit femårig integrert masterprogram (med søknad til samordna opptak), er Oslo-studiet ei toårig masterutdanning, der grunnlaget for å søkje masterstudiet er ein relevant bachelorgard og ei årseining i musikk og helse. Polyfon har samla inn data for NMH sidan 2021. Figuren gjev først tala for årseininga i musikk og helse, dernest for masterstudiet. For samanlikninga si skuld, slår vi saman tala for deltid og heiltid når det gjeld uteksaminerte kandidatar.



Figur 3.2: Søkjartal og studieaktivitet for NMH i perioden 2021-2023, for årseining i musikk og helse og for toårig master i musikkterapi.

## Vurderingar

Som det går fram av Figur 3.1 og 3.2 er nasjonal utdanningskapasitet i musikkterapi ca. 30 kandidatar i året. Det er eit alt for lågt tal, dersom ein i løpet av nokre tiår skal nå målet om å gjere musikkterapi tilgjengeleg på ein meir likeverdig måte i heile landet. Dei to utdanningane kvalifiserer kandidatar som kan fylle stillingar i det sentrale Austlandsområdet og i Bergensregionen. Ein skal likevel ikkje langt ut av Oslo eller Bergen før ein ser at helseføretak og kommunar kan ha store utfordringar med å rekruttere musikkterapeutar. Polyfon vert ofte kontakta i slike tilfelle, og arbeider då med å synleggjere stillingar, motivere avgangsstudentar, osb. Like fullt har vi fleire eksempel på at stillingar vert ståande vakante og til slutt vert omdisponerte til andre føremål. Det må difor vere eit mål å auke den nasjonale utdanningskapasiteten i faget.

Dette vil likevel vere vanskeleg før søknaden til dei to eksisterande utdanningane vert styrkt. Om lag alle figurar i denne og tidlegare årsmeldingar viser vekst for musikkterapifaget, anten det er snakk om tenesteutvikling (kapittel 1), forsking (kapittel 2) eller formidling (kapittel 4). Som indikatordataa i dette kapittelet viser, ser vi altså likevel ikkje at rekrutteringa til dei to norske musikkterapeututdanningane er styrkt. Det er rimeleg å tenkje at Polyfons bidrag til styrking av tenester, forsking og formidling på sikt også vil styrke rekrutteringa til musikkterapistudiet, men ein slik effekt er altså førebels ikkje dokumentert. Utdanningane arbeider sjølvsagt sjølve med rekrutteringsstrategiar, og det er avgrensa kva Polyfon kan bidra med. Likevel, gitt Polyfons målsetjing om likeverdige tilbod i heile landet, er det grunnar til å ta tak i denne tematikken. Dette er bakgrunnen for etableringa av det nye rekrutteringsnettverket som er omtala over. Arbeidsforma vert erfarringsdeling og diskusjon, som grunnlag for regionalt og nasjonalt rekrutteringsarbeid. Polyfon samordnar samarbeidet og gjer ulike ressursar tilgjengelege for dei som er med. Ca. 50 ressurspersonar frå Kristiansand i sør til Tromsø i nord ønskjer å delta i nettverket som startar arbeidet sitt i 2024. I neste årsmelding vil vi då kunne informere om erfaringane med det første driftsåret av eit slikt nettverk.

Som det går fram av avsnittet om Klyngeaktivitet over, arbeider Polyfon også med fleire andre tematikkar knytt til utdanning enn det som kjem fram av dei indikatordataa som er presenterte. Det gjeld t.d. utvikling av faglege kontaktflater mellom utdanning, praksis og erfarringskompetanse. Arbeidet med delmål 3b, som fokuserer på utdanning i musikk og helse utover sjølve musikkterapifaget, er også viktig, og er altså forankra i ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå ulike fag og utdanninger ved Høgskulen på Vestlandet, ved sida av representantar frå Griegakademiet, UiB og Noregs musikkhøgskole.



Musikkterapistudentar ved Griegakademiet, UiB, akkompagnerte koret ved Bergen kompetansesenter for demens, som opna Polyfon-konferansen 2023.  
Foto: Julie Amalien Simon

## 4 Formidling

Klyngas delmål 4, om formidling, er: *Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.* I det følgjande skisserer vi arbeid og resultat knytt til dette delmålet i 2023.

### Klyngeaktivitet

Klynga deltar i det offentlege ordskifte om musikkterapiens utvikling, gjennom deltaking i media, nettverk og høyringer og på ulike konferansar og seminar.

I 2023 gav klynga m.a. eit høyringssvar til NOU 2023: *4 Tid for handling* (ein NOU basert på Helsepersonell-kommisjonens arbeid). Høyringssvaret til [kunnskapsklynga Polyfon](#) fokuserte på det vi vurderer som mangelfull utgreiing av potensialet i mobilisering av nye helseressursar i møte med framtidas utfordringar.

Polyfon lyser ut midlar til formidlings- og arrangementsstøtte tre gonger i året, med søknadsfristane 1. februar, 1. juni og 1. oktober. Dette er utlysingar alle deltakarane kan søkje på.

Følgjande tiltak fekk støtte frå Polyfon i 2023:

Februar:

- NORCE ved Vigdis Sveinsdottir og Christian Gold fekk kr 15.000,- i støtte til eit ope seminar 26. april om musikk, demens og depresjon. Seminaret sprang ut av det internasjonale prosjektet MIDDEL og var retta mot forskrarar og studentar, tilsette i eldreomsorga, pårørande og ålmenta.
- Noregs musikkhøgskole ved førsteamanuensis Tone Sæther Kvamme fekk kr 20.000,- i støtte til «Veileder for etablering og ledelse av kor med mennesker med demens». Bakgrunnen er den interessa som er skapt etter NRKs dokumentarserie «Demenskoret» vinteren og våren 2023.
- Helse Bergen og Griegakademiet, UiB, ved Øystein Lydvo og Lars Tuastad, fekk kr 10.000,- i støtte til formidlingsprosjektet «Musikkminner» om musikkerfaringar når ein er ramma av alvorleg sjukdom.

Juni:

- Bergen kommune ved Tora Gaden og Daniel Garcés fekk kr 15.000,- i støtte til ein musikkfestival for lågterskel rusteneste. Festivalen «Skranglefest» vart arrangert 29. august.
- Griegakademiet, UiB, ved Viggo Krüger fekk kr 15.000,- i støtte til eit dagsseminar 8. november om musikkterapi i FACT og FACT ung.

Oktober:

- Noregs musikkhøgskole ved førsteamanuensis Hans Petter Paulen Solli fekk kr 5.700,- i støtte til innkjøp av backdrop til bruk på det årlege arrangementet Rockcovery.
- Griegakademiet, UiB, ved Lars Tuastad fekk kr 15.000,- i støtte til produksjon av konsertføredrag-filmar, med brukarstemmer frå psykisk helse- og rusfeltet.
- Polyfons erfaringspanel ved Kristianne S. Ervik fekk kr 8.500,- i støtte til produksjon av roll-up til bruk i panelets kommunikasjonsarbeid.

Polyfon ønskjer å stimulere denne type formidlingsinitiativ hjå klyngedeltakarane, men er også samklangen av alle dei ulike aktivitetane klyngedeltakarane bidreg til. Noko av det alle viktigaste når det gjeld formidling i 2023 er Noregs musikkhøgskoles faglege bidrag til NRK-serien Demenskoret, ein serie som har sett musikkens verdi for helse, livskvalitet og samfunnssdeltaking på kartet på heilt nye måtar i Noreg. Under Polyfon-konferansen 2023 delte Jelena Golubovic, pianist og musikkterapeut for Demenskoret, sine refleksjonar om «demenskor-bølgja». Vi siterer frå samandraget:

NRK-serien «Demenskoret» har tatt Norge med storm, og i løpet av kort tid vendt samfunnets oppmerksamhet mot både belastninger som demenssykdommen medfører, men også mot musikk som en verdifull helseressurs for denne målgruppen. Programmet kan også ha gitt et inntrykk om at det «bare er så lett», og at musikk er magisk og helbredende for alle (med demens). Men er det virkelig så enkelt? Er demenskor alt vi trenger? Er dette den magiske løsningen vi har ventet på? (Golubovic, 2023, i konferanseprogrammet til Polyfon-konferansen).

I eit engasjerande føredrag, gav Golubovic – som også er ph.d.-stipendiat ved Noregs musikkhøgskole – eit nyansert bilde der ho både åtvara mot å gje etter for draumen om musikk som ein «quick fix» og samstundes argumenterte for langsigkt utvikling for å realisere eit stort potensial.



Jelena Golubovic (Noregs musikkhøgskole) under Polyfon-konferansen 2023. Foto: Julie Amalien Simon.

Av annan klyngeaktivitet knytt til formidling, kan vi nemne:

[Polyfons nettside](#) er utvikla vidare i 2023, med vekt på styrking av faglege ressurssider. I løpet av året har vi m.a. fått lagt ut:

- oppdaterte [kunnskapsbeskrivingar](#) utarbeidde av forskrarar frå CREMAH og GAMUT og utforma i eit tilgjengeleg språk, slik at dei skal ha relevans for tenestene, brukarar og ålmenta
- ei ny [ressursside om etablering og utvikling av praksis](#), med råd om etablering av praksis og informasjon om kvalitetssikring og forsking for utvikling av praksis (følgjeforsking)
- ei ny [lenkesamling](#) med lenker til utdanningstilbod, kunnskapsbasar, reportasjar, podkastar, videoar, bøker, avhandlingar, tidsskrift og organisasjonar (altså, til om lag alt du måtte ønske å vite om feltet)

Bulletengen [Polyfon-nytt](#) kom i 2023 ut med 6 nummer. Tidlegare år har vi gitt ut mellom 4 og 7 nummer. Bulletengen formidlar stort og smått av nyhende frå samarbeidet i klynga.

Det har i 2023 som tidlegare år også vore aukande aktivitet blant fleire av klyngeledtakarane når det gjeld spreiling av informasjon om musikkterapi på sosiale medium. [Polyfons Facebook-side](#) hadde høg aktivitet også i 2023, med nye innlegg dei fleste dagar. Her formidlar vi informasjon om praksis, forsking, utdanning og arrangement. Ein eigen [Instagram-konto for Polyfon](#) er også etablert, men førebels mindre utvikla.

Podkasten [Musikkterapodden](#) vart etablert i 2020, med støtte frå Polyfon. Podkasten har lagt vekt på å få fram breidda i feltet og har utvikla seg til ei viktig kjelde til informasjon om musikkterapi.

Som skissert i kapittel 3, er [Polyfon-konferansen](#) ein årleg møteplass for inspirasjon, kunnskapsformidling og erfaringsdeling. Polyfon-konferansen 2023 vart arrangert 9. november på Campus Kronstad, HVL, med temaet [Nyttig helsearbeid i nye tider](#). I 2023 var det ein fagdag/forkonferanse dagen før og ulike arbeidsmøte dagen etter hovudkonferansen, med fine eigne konserertilbod begge kveldane mellom desse tre dagane. Konseptet har altså utvikla seg til ein liten festival og vi vil sjå nærmare på om det er ønskjeleg og mogeleg å utvikle eit slikt konsept vidare.

Det er elles verdt å merke seg at Polyfon-konferansen i 2023 også genererte formidling hjå andre aktørar: Etter konferansen publiserte [Nasjonalt kompetancesenter for psykisk helsearbeid \(NAPHA\)](#) ein artikkel om dei store regionale skilnadene i implementering av musikkterapi.




*Polyfon-konferansen er ein viktig arena for informasjonsarbeid og erfaringssdeling i klynga. Her ser vi musikkterapeut Merethe Wolf Lindvall og overlege Silja Torvik Griffiths (begge Helse Bergen) dele erfaringar med musikkterapi i palliativt team barn og unge.*

*Foto: Julie Amalien Simon.*

## Indikatordata

Tal for aktuelle oppslag om musikkterapi i sosiale medium går fram av Figur 4.1.




*Figur 4.1: Tal følgjarar av Polyfon på sosiale medium.*

Polyfons Facebook-side er den største informasjonskanalen om musikkterapi i sosiale medium i Noreg. Det har altså vore ei jamt aukande interesse dei siste åra for innlegg som vert publiserte der.

Som vi ser er aktiviteten langt i frå like god på Instagram, noko som truleg først og fremst skuldast at sekretariatet ikkje har hatt kapasitet til å vere like aktiv i begge kanalar.

Tal for aktuelle oppslag om musikkterapi på utvalde offentlege nettsider går fram av Figur 4.2, der vi presenterer tal oppslag på nettsidene til Bufdir, Helsedirektoratet, Stortinget og Folkehelseinstituttet. Her kunne vi også ha hatt med data frå nettsida til Utdanningsdirektoratet, som har ansvaret for utviklinga av barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring. Gitt at mange musikkterapeutar arbeider i denne type kontekstar, ville det ha vore relevant. Men på Utdanningsdirektoratet si nettside finst ikkje noko omtale av musikkterapi i det heile, så vi har førebels ikkje etablert data frå denne nettsida som indikator.



Figur 4.2: Tal oppslag om musikkterapi på utvalde offentlege nettsider

## Vurderingar

Formidlingsaktiviteten i Polyfon er allsidig og omfattar langt meir enn det vi har indikatordata på.

NRK-serien Demenskoret minner oss om kor viktig nasjonale medium som aviser, radio og TV kan vere og om kor stor forskjell ein klyngedeltakar kan gjere gjennom aktiv kommunikasjon i denne type medium.

Elles ser vi m.a. at Polyfon-konferansen held fram med å vere ein viktig arena for formidling, og at deltaking på og konseptet for konferansen er i utvikling.

Når det gjeld sosiale medium, viser indikatordata (Figur 4.1) at det er aukande aktivitet, samstundes som det er eit forbetringspotensial, ikkje minst når det gjeld bruk av Instagram. For å utnytte potensialet i sosiale medium fullt ut, trengst det både meir kapasitet og kompetanse enn det klynga i dag har i sekretariatet.

Også når det gjeld oppslag på utvalde offentlege nettsider (Figur 4.2), ser vi at det er aukande aktivitet. *Bufdir* er her unntaket, der det over fleire år har vore svært få oppslag om musikkterapi og der dette gjekk ned til eit nullnivå i 2023. Det er få nasjonale føringar å støtte seg til når det gjeld musikkterapi innan sosialt arbeid. For dei tre andre offentlege nettsidene vi har samla inn data frå har aktiviteten auka over tid. Det kan då vere interessant å sjå litt nærmare på kva aktivitetene representerer innhaldsmessig:

*Helsedirektoratet* har hatt ein liten auke i oppslag om musikkterapi dei seinare åra, der nokre oppslag går ut, andre kjem til og andre igjen – som nasjonale retningslinjer som tilrår musikkterapi – er stabile. Nye oppslag i 2023 omfattar to saker knytt til prosedyrekodar og finansiering og saker knytt til nokre krevjande debattar:

- I Avrekningsutvalet sin årsrapport 2023 om bruk av prosedyrekodar, er det nemnd at musikkterapi ligg høgt i bruk av prosedyrekodar når det gjeld «Polikliniske konsultasjoner barn under 5 år»
- Musikkterapi er med som ein del av ISF-regelverket (Innsatsstyrt finansiering 2023)
- I eit innspel frå Walter Keim til Samtykkeutvalet, vert musikkterapi nemnd som aktuell psykososial psykosebehandling i staden for det som vert beskrive som overmedisinering
- Musikkterapi er tatt med i eit innspel frå Sivilombodet til Ekspertutvalet om samtykkekompetanse, der ombodet gjev uttrykk for at eitt av vilkåra for tvangsmedisinering bør vere at «virksomheten har tilstrekkelig kompetanse på ikkemedikamentelle behandlingsformer» (her er musikkterapi tatt med

som eitt eksempel). Ombodet peikar på at deira funn viser «at slike behandlingstilbud i liten grad er tilgjengelige i dagens akutt- og intermediære sengeposter i det psykiske helsevernet.»

På *Stortinget* si nettside ligg det altså totalt ute 66 saker der musikkterapi er omtala, der det er 10 nye saker i 2023, etter nokre år der auken hadde flata av. Nye oppslag i 2023:

- Musikkterapi er omtala i [interpellasjon fra Kari-Anne Jønnes \(H\) til kunnskapsministeren](#) og i [skriftlig spørsmål fra Himanshu Gulati \(FrP\) til helse- og omsorgsministeren](#)
- Musikkterapi er tatt med i høyningsinspel frå Creo – forbundet for kunst og kultur (2 ulike innspel), Det hjelper, Hvide Ørn Norge, Krafttak for sang og Norsk foreining for musikkterapi (2 ulike innspel).
- Musikkterapi er tatt med i Boks 10.11 «Andre utdanninger med relevans for helse- og omsorgssektoren» i [NOU 2023: 4 \(regjeringen.no\)](#) *Tid for handling. Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste.*

*Folkehelseinstituttet* si nettside har vi ikkje tidlegare samla inn indikatordata i frå, men instituttet har over fleire år publisert omtalar av musikkterapeutisk forsking, så vi vel å ta med data frå denne nettsida frå og med denne årsmeldinga. I figur 4.2 har vi ført inn data tilbake til 2019, då dei aktuelle tekstane er daterte og vert akkumulerte år for år. Per 2023 er 12 ulike tekstar om musikkterapi lagt ut på Folkehelseinstituttet sine nettsider, der det i 2023 er lagt ut *ein* ny forskingsomtale om musikkterapi:

- Forskinsomtalen [Musikkterapi for personer med utfordringer med språk og kommunikasjon etter hjerneslag](#) byggjer på ein oversikt over effektstudiar frå 2021 og viser at musikkterapi for pasientar med afasi etter hjerneslag har positiv effekt på utfall knytt til kommunikasjon og språk.



Ei samla vurdering vil vere: Nasjonale medium, politikarar og andre har fått med seg at musikkterapeutisk praksis og forsking har noko å vise til. Musikkterapi er i aukande grad ein synleg del av samfunnet vårt. Med denne nye situasjonen veks det også fram større breidde i korleis musikkterapi vert representert. Det er ikkje lenger berre snakk om hyggelege oppslag om musikkens mogelegheiter. I aukande grad er musikkterapi også ein del av debattar om vanskelege problemstillingar, som t.d. diskusjonane om samtykkekompetanse, tvang og medisinering i psykisk helsevern. Musikkterapi kan også sjølv generere krevjande offentlege debattar. Eitt eksempel er festivalen «Skranglefest», som vart arrangert for første gong i 2023, med støtte frå m.a. Polyfon. Målet var å feire mangfold, inspirere til endring i synet på rusavhengige og bidra til likeverdig medborgarskap. Arrangørane fekk mange positive tilbakemeldingar, men også kritikk – m.a. i VG og TV2 – fordi det var alkoholservering under arrangementet (sjå også debatten i [Tidsskriftet Musikkterapi](#)). Dette understrekar behovet for seriøst arbeid med formidlingstematikk: Det er framleis relevant å arbeide for at musikkterapi vert meir synleg i samfunnet, men vi må også arbeide med profesjonalitet i møte med krevjande tematikk.

Plakaten til festivalen Skranglefest, ein ny festival i 2023.

## 5 Føresetnader for samskaping

Som kunnskapsklynge byggjer Polyfon samskaping mellom aktørar med ulike typar kompetanse og erfaring. Slik samskaping føreset arenaer for samhandling og får verdi i ein dynamikk der både samfunns- og kunnskapsbehov speler inn.

### Samhandling innanfor klynga

Når det gjeld samhandlinga *innanfor klynga*, er arbeidsgrupper, erfarringspanel, fagråd, ressursgruppe og styringsgruppe nokre av dei viktigaste reiskapane. I 2023 har dessutan ei eiga strategigruppe vore i sving. I tillegg kjem ulike konferansar og seminar.

[Arbeidsgruppene](#) i Polyfon har tradisjonelt vore knytte til praksisområde, men sidan 2021 har klynga også hatt ei eiga arbeidsgruppe for tverrfagleg samarbeid mellom profesjonsutdanningar. Denne gruppa har arbeidd aktivt i 2023, med Monika Overå (Noregs musikkhøgskole) som leiar. Arbeidsgruppa for barn og unges oppvekst har også hatt eit aktivt år, under leding av Nina Bolstad (Bergen kommune). Nye arbeidsgrupper for ulike praksisområde vil verte initiert i 2024.

[Erfaringspanelet](#) har arbeidd med mange ulike saker i 2023, sjå årsmeldinga i Vedlegg 4. Klyngas erfaringskonsulent, Kristianne Ervik, har også i 2023 hatt arbeid med panelet som ei av sine hovudoppgåver.

[Fagrådet](#) vart etablert i 2022. Fagrådet skal gje råd til styringsgruppa og klyngedeltakarane om vitskaplege spørsmål og prioriteringar knytte til realisering av klynga målsetjingar. Rådet hadde si første fysiske samling i juni 2023, der møte med Erfaringspanelet og Styringsgruppa var ein del av programmet.

[Ressursgruppa](#) samlar Polyfons sekretariat og fagtilsette ved dei norske utdanningane og forskingssentera i musikkterapi. Gruppa skal vere ein ressurs for erfarringspanel, arbeidsgrupper og sekretariat og skal styrke samarbeid mellom fagmiljøa i musikkterapi i Noreg.

[Strategigruppa](#) har hatt representantar frå Erfaringspanelet og alle dei 10 klyngedeltakarane og har gjennom heile 2023 arbeidd med å utvikle eit forslag til ny strategi for klynga.

[Styringsgruppa](#) skal arbeide strategisk og sikre retning og rammevilkår for samarbeidet i klynga. I 2023 har arbeid med ny Polyfon-strategi vore ei hovudsak. Styringsgruppa har hatt tre digitale møte i 2023 og eitt fysisk dagsmøte. Dagsmøtet vart gjennomført 16. juni i Vestlandshuset i Bergen, med Vestland fylkeskommune som vertskap. Møtet inneholdt både eit [styringsgruppeseminar med fokus på temaet samskaping](#) og eit ordinært styringsgruppemøte.

Av seminar og konferansar er den årlege [Polyfon-konferansen](#) den viktigaste samhandlingsarenaen, sjå kapittel 4 og 5. Programmet for Polyfon-konferansen er utarbeidd av ein breitt samansett programkomité.

### Nasjonal og internasjonal samhandling

For samhandling med aktørar *utanfor klynga*, er deltaking i nasjonale nettverk *ein* viktig reiskap. Det er førebels etablert tre slike nettverk, for felta barnevern, for psykisk helse/rus og for eldrehelse.

Regional og nasjonal samhandling er viktig for Polyfon, som har avtalar om [strategiske samarbeid](#) med fleire nasjonale organisasjonar og kompetansemiljø. I 2023 vart dette arbeidet styrkt, gjennom ein samarbeidsavtale med Idrettsklynge Vest og med den nasjonale medlemsorganisasjonen Mental Helse. Ein samarbeidsdialog med RIO, ein landsdekkande brukarorganisasjon innan rusfeltet, vart også initiert.

Som tidlegare år, registrerer vi internasjonal interesse for kunnskapsklynga Polyfon, med førespurnader om informasjon og føredrag. I september fekk klynga besøk frå Japan, der gjestane både fekk observere ulike samfunnsmusikkterapeutiske tiltak og lære om korleis Polyfon-samarbeidet utviklar seg. Til ein konferanse i Milano i oktober var klyngelieiar invitert for m.a. å presentere klyngas arbeid med tverrkulturelt samarbeid. Dei ulike klyngedeltakarane sine internasjonale prosjekt og nettverk er også viktige reiskapar for internasjonal samhandling av relevans for Polyfons arbeid.

## Føringar og samfunnsbehov

Vidare retning for klyngesamarbeidet vil vere avhengig av kva strategiske val styringsgruppa tar, men også av utviklingstendensar i samfunnet og av nasjonale og internasjonale føringar.

Noko av det som gjorde det aktuelt i 2013 å starte arbeidet med å etablere det som i 2015 vart kunnskapsklynga Polyfon, var at Helsedirektoratet i 2013 for første gong tilrådde musikkterapi i ei nasjonal, faglege retningslinje. Det var retningslinja for utgreiing, behandling og oppfølging av personar med psykotiske lidingar som var den første retningslinja med ei tydeleg tilråding av musikkterapi. Seinare har fleire tilrådingar kome til, i retningslinjer og andre viktige nasjonale dokument. I 2023 var det verdt å merke seg at ei ny nasjonal modellbeskriving for FACT-team (behandlings- og oppfølgingstilbod til personar med alvorleg psykisk liding) vart lagt fram. Teksten framhevar at fleire norske FACT-team har gode erfaringar med bruk av musikkterapeutar i recovery-prosessen. Musikkterapeutar er omtalt fleire stader i dokumentet, der det særleg er profesjonens kompetanse opp mot recovery-prosesser som vert framheva.

Klyngas vidare utvikling vil m.a. vere avhengig av samfunnsutfordringar knytte til helse og samfunnssdeltaking. For store grupper i samfunnet, er det mange utfordringar knytte til psykisk helse og rusbruk. Vidare vil endringar i demografi og økonomi skape eit aukande press på tilbod og tenester. Ein målretta innsats er nødvendig for å adressere slike komplekse problemstillingar, og utfordringane må sjåast i samanheng med globale utfordringar innan miljø, klima, teknologiutvikling og konflikthandtering.

Det er med denne type bakteppe at klyngas styringsgruppe hausten 2022 vedtok at det i 2023 skulle gjennomførast ein [strategiprosess for Polyfon](#). Det har vore gjennomført ein inkluderande og grundig prosess, der arbeidet i sekretariatet, strategigruppa og styringsgruppa har vore supplert med ulike innspelsprosessar, m.a. opne innspels-webinar. Ein høyringsversjon av ein ny strategi vart vedtatt av styringsgruppa i desember 2023 og vert så sendt ut på høyring tidleg i 2024.



*At menneske i alle aldrar engasjerer seg i musikk, saman med andre, er både det viktigaste utfallet av samskapninga i kunnskapsklynga Polyfon og den viktigaste føresetnaden for samarbeidet. Her ser vi songarar frå koret ved Bergen kompetansesenter for demens. Koret opna Polyfon-konferansen 2023, under leiing av musikkterapeut Gerd Karine Lunde Torsvik, med akkompagnement av musikkterapistudentar ved Griegakademiet, UiB. Foto: Julie Amalien Simon.*

## Vedlegg 1: Generelt om kunnskapsklynga Polyfon

Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi vart starta som eit prosjekt i 2015 og er sidan januar 2022 etablert som ein fast, nasjonal samarbeidsstruktur.

Hovudmål for klyngesamarbeidet: Musikkterapi til alle som ønskjer og treng det.

Delmål:

1. Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.
2. Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.
- 3a. Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.
- 3b. Emne og/eller kurs om musikkterapi er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanninger, som t.d. sjukepleie-, psykolog-, lege- og lærarutdanningane.
4. Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.

I løpet av 2023 har klynga gjennomført ein strategiprosess. Ein ny strategi, med reviderte målsetjingar, vil difor gjelde frå og med 2024.

Det musikkterapeutiske arbeidsfeltet famnar heile livsløpet og spekteret frå folkehelsearbeid til behandling. Polyfon-konferansen vert arrangert årleg i første halvdel av november, som klyngas viktigaste møteplass for kunnskapsformidling, erfaringsdeling, inspirasjon, dialog og diskusjon. Mykje formidling elles skjer digitalt.

Alle klyngedeltakrar har ein representant i styringsgruppa. Erfaringspanelet har to representantar. Styringsgruppa ved utgangen av 2023 var:

- Bergen kommune, ved Mads Hagebø, seksjonssjef Byrådsavdeling for arbeid, sosial og bustad
- Betanien Sykehus, ved Silje Benedicte Vigsnaes, einingsleiar for psykisk helse
- Griegakademiet, UiB, ved Frode Thorsen, dekan Fakultet for kunst, musikk og design
- Helse Bergen, ved Randi-Luise Møgster, viseadministrerande direktør
- Helse Fonna, ved Kari Lise Vangsnes Dybdahl, spesialrådgjevar Klinikk for psykisk helsevern
- Høgskulen på Vestlandet, ved Anne-Grethe Naustdal, prorektor for utdanning
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus, ved Janiche Buanes Heltne, administrerande direktør
- NORCE Norwegian Research Centre, ved John Harald Kaspersen, avd.direktør Helse og samfunn
- Noregs musikkhøgskole, ved Astrid Kvalbein, rektor
- Partssamarbeid Vestland (Vestland fylkeskommune, Helse Førde, Kinn kommune og USHT Vestland/Sogn og Fjordane), ved Per Morten Ekerhovd, avd.direktør kultur, idrett og inkludering
- Polyfons erfaringspanel, ved Kristianne Ervik, leiar
- Polyfons erfaringspanel, ved Håvard Alisøy Søvig, nestleiar

Sekretariat og klyngeleiing:

- Sekretariat: Brynjulf Stige (klyngeleiari, 50 % st.), Liv Gunnhild Qvale (administrativ koordinator, 60 % st.) og Kristianne Ervik (erfaringskonsulent, 20 % st.).
- Leiar og nestleiar i styringsgruppa: Randi-Luise Møgster (Helse Bergen) og Astrid Kvalbein (NMH)

Nasjonale samarbeidspartnerar: Mental Helse, Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA), Nasjonal kompetansetjeneste for samtidig rusmisbruk og psykisk lidelse (NKROP), Nasjonalt senter for aldring og helse, Norsk foreining for musikkterapi og Rusfeltets hovedorganisasjon.

Polyfon samarbeider også med Alrek helseklynge og Idrettsklynge Vest.

Klynga er forankra ved Griegakademiet, UiB.

Arbeidsgrupper, Erfaringspanel, Fagråd, Ressursgruppe og andre samarbeidsorgan er med på å gje retning for samarbeidet. For meir informasjon om klynga og klyngas ulike samarbeidsorgan, sjå [Polyfons nettside](#).

## Vedlegg 2: Rekneskapsrapport for Polyfon for 2023

Rekneskapsrapporten for 2023 viser at klynga etter dette driftsåret kan overføre kr 119.687,- til 2024.

<b>Inntekter</b>	<b>Budsjett 2023</b>	<b>Regnskap 2023</b>
Bidrag KMD/GA (UiB)	140 000	140 000
Bidrag Bergen kommune	280 000	280 000
Bidrag Betanien Sjukehus	70 000	70 000
Bidrag Helse Bergen	280 000	280 000
Bidrag Helse Fonna	140 000	140 000
Bidrag HVL	280 000	280 000
Bidrag NKS Olaviken	140 000	140 000
Bidrag NORCE	140 000	140 000
Bidrag NMH	280 000	280 000
Bidrag Undergruppe Vestland	280 000	280 000
Inntekter POLYFON-konferansen	80 000	38 400
Eksterne inntekter	200 000	87 500
<b>Sum inntekter</b>	<b>2 310 000</b>	<b>2 155 900</b>
<b>Utgifter</b>	<b>Budsjett 2023</b>	<b>Regnskap 2023</b>
Sekretariat	1 598 674	1 551 940
Erfaringspanel	80 000	81 749
Andre samarbeidsutgifter	137 000	101 052
Prosjektstøtte	570 000	635 941
Formidling	220 000	284 476
<b>Sum utgifter</b>	<b>2 605 674</b>	<b>2 655 158</b>
Overføring fra 2022	618 945	618 945
<b>Resultat</b>	<b>323 271</b>	<b>119 687</b>

## Vedlegg 3: Polyfon-relaterte vitskaplege publikasjonar i 2023

Vedlegget gjev oversyn over klyngerelaterte vitskaplege publikasjonar. Listene er hausta frå den nasjonale databasen Cristin og supplerte med manuelle søk. Både databasesøk og manuelle søk er gjennomførte med fokus på musikkterapi og musikk og helse i vidare forstand.

Ikkje alle publikasjonane spring direkte ut av klyngesamarbeidet, men vi tar med publikasjonar innan heile det fagfeltet som Polyfon omfattar og bidrar til. Heile sju av ti klyngedeltakarar er representerte med klyngerelaterte publikasjonar i 2023. I dei tilfelle der publikasjonane har fleire forfattarar frå fleire klyngedeltakarar, er dei lista opp under fleire overskrifter. Samla sett, når slik dobbeltføring og trippelfrøing er trekt i frå, var det 35 klyngerelaterte publikasjonar i 2023.

Klynga står for det meste av det som vert publisert om musikkterapi i Noreg og ein vesentleg del av det som vert publisert om musikk og helse i vidare forstand. Nokre viktige vitskaplege bidrag kan likevel mangle i lista nedanfor, som t.d. musikkterapirelaterte publikasjonar ved Det psykologiske fakultet og Det medisinske fakultet (UiB), då desse fakulteta førebels ikkje er ein del av Polyfon-samarbeidet.

### Vitskaplege publikasjonar frå Bergen kommune

Berget, Jørgen Aasen; Senneseth, Trude; Stige, Brynjulf. Betydningsfull gjennom musikk: En samfunnspsykologisk studie av musikkterapiens ringvirkninger i barnehagen. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening* 2023; Volum 60.(2) s.80-88. HVL HAUKELAND UiB

Kristiansen, Frode Aass; Stige, Brynjulf; Helle-Valle, Anna. Characteristics of music therapy With beneficial impacts on agitation in dementia. *Voices: A World Forum for Music Therapy* 2023; Volum 23.(2). UiB SIV

### Vitskaplege publikasjonar frå Helse Bergen / Haukeland universitetssjukehus

Berget, Jørgen Aasen; Senneseth, Trude; Stige, Brynjulf. Betydningsfull gjennom musikk: En samfunnspsykologisk studie av musikkterapiens ringvirkninger i barnehagen. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening* 2023; Volum 60.(2) s.80-88. HVL HAUKELAND UiB

Ege, Grete; Ottemöller, Fungisai Puleng Gwanzura; Frisk, Bente. Norwegian music students' perceptions and experiences of challenges and resources for health. *Frontiers in Psychology* 2023; Volum 14. HAUKELAND UiB HVL

Ghetti, Claire; Gaden, Tora Söderström; Bieleninik, Lucja; Kvestad, Ingrid; Assmus, Jörg; Stordal, Andreas Størksen; Aristizabal Sanchez, Luisa Fernanda; Arnon, Shmuel; Dulsrud, Jeanette; Elefant, Cochavit; Epstein, Shulamit; Ettenberger, Mark; Glosli, Heidi; Konieczna-Nowak, Ludwika; Lichtensztejn, Marcela; Lindvall, Merethe Wolf; Mangersnes, Julie; Murcia Fernández, Luz Dary; Røed, Catharina Janner; Saá, Gladys; Van Roy, Betty; Vederhus, Bente Johanne; Gold, Christian. Effect of Music Therapy on Parent-Infant Bonding Among Infants Born Preterm: A Randomized Clinical Trial. *JAMA Network Open* 2023; Volum 6.(5). UiB NORCE AHUS OUS HAUKELAND

Klyve, Guro Parr; Rolvsjord, Randi; Elgen, Irene Bircow. Polyphonic perspectives: a focus group study of interprofessional staff's perceptions of music therapy at an inpatient unit for children in mental health care. *International Journal of Qualitative Studies on Health and Well-being* 2023; Volume 18.(1). UiB HAUKELAND

Loria, Marianna Ruiz; Groessing, Alexander; Guran, Alexandrina; Koçan, Asena U.; Mikus, Nace; Nater, Urs M.; Kouwer, Karlijn; Posserud, Maj-Britt Rocio; Salomon-Gimmon, Maayan; Todorova, Boryana; Wagner, Isabella C.; Gold, Christian; Silani, Giorgia; Specht, Karsten. Music for autism: a protocol for an international randomized crossover trial on music therapy for children with autism. *Frontiers in Psychiatry* 2023; Volum 14. NORCE UiB HAUKELAND UiT

## Vitskaplege publikasjonar frå Høgskulen på Vestlandet

Berget, Jørgen Aasen; Senneseth, Trude; Stige, Brynjulf. Betydningsfull gjennom musikk: En samfunnspsykologisk studie av musikkterapiens ringvirkninger i barnehagen. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening* 2023; Volum 60.(2) s.80-88. HVL HAUKELAND UiB

Ege, Grete; Ottemöller, Fungisai Puleng Gwanzura; Frisk, Bente. Norwegian music students' perceptions and experiences of challenges and resources for health. *Frontiers in Psychology* 2023; Volum 14. HAUKELAND UiB HVL

Matziorinis, Anna Maria; Flo, Birthe Kristin; Skouras, Stavros; Dahle, K.; Henriksen, Anne; Hausmann, Frøydis; Sudmann, Tobba Therkildsen; Gold, Christian; Koelsch, Stefan. A 12-month randomised pilot trial of the Alzheimer's and music therapy study: a feasibility assessment of music therapy and physical activity in patients with mild-to-moderate Alzheimer's disease. *BMC Pilot and Feasibility Studies* 2023; Volum 9.(1). UiB HVL NORCE

## Vitskaplege publikasjonar frå NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus

Madsø, Kristine Gustavsen; Pachana, Nancy A.; Nordhus, Inger Hilde. Development of the Observable Well-Being in Living With Dementia-Scale. *American Journal of Alzheimers Disease & Other Dementias* 2023; Volum 38. UiB HVprivate UiO

## Vitskaplege publikasjonar frå Noregs musikkhøgskole

Baker, Felicity; Blauth, Laura; Bloska, Jodie; Bukowska, Anna; Flynn, Libby; Hsu, Ming H; Janus, Edyta; Johansson, Kjersti; Miller, Helen Odell; Petrowitz, Carina; Pool, Jonathan; Stensæth, Kurette; Tamplin, Jeanette; Teggelove, Kate; Wosch, Thomas; Sousa, Tanara Vieira. Recruitment approaches and profiles of consenting family caregivers and people living with dementia: A recruitment study within a trial. *Contemporary Clinical Trials Communications* 2023; Volum 32. NMH

Baker, Felicity; Pac Soo, Vanessa; Bloska, Jodie; Blauth, Laura; Bukowska, Anna A.; Flynn, Libby; Hsu, Ming Hung; Janus, Edyta; Johansson, Kjersti; Kvamme, Tone Sæther; Lautenschlager, Nicola; Miller, Hayley; Pool, Jonathan; Smrokowska-Reichmann, Agnieszka; Stensæth, Kurette; Teggelove, Kate; Warnke, Sven; Wosch, Thomas; Odell-Miller, Helen; Lamb, Karen; Braat, Sabine; Sousa, Tanara Vieira; Tamplin, Jeanette. Home-based family caregiver-delivered music and reading interventions for people living with dementia (HOMESIDE trial): an international randomised controlled trial. *EClinicalMedicine* 2023 NMH

Bower, Janeen; Magee, Wendy L.; Catroppa, Cathy; Baker, Felicity. Content Validity and Inter-rater Reliability of the Music Interventions in Pediatric DoC Behavior Observation Record. *The Journal of music therapy* 2023; Volum 60.(1) s.13-35 NMH

Eide, Ingellill Susann Berger; Ruud, Even. Milepåler og mulighetsrom: Musikkterapiens utvikling som profesjon i Norge. *Musikkterapi* 2023 (1) s.12-28 NMH

Golubovic, Jelena; Baker, Felicity; Simpson, Melanie Rae; Neerland, Bjørn Erik. Live and recorded music interventions for management of delirium symptoms in acute geriatric patients: Protocol for a randomized feasibility trial. *Nordic journal of music therapy* 2023 NMH NTNU OUS

Krüger, Viggo; Murphy, Kathleen M.; Nordanger, Dag; Wilhelmsen, Christine. Music therapy for adolescents in a child welfare setting - a qualitative interview study. *British Journal of Music Therapy (BJMT)* 2023 OSLOMET NMH UiB

McMahon, Kate; McFerran, Katrina; Clark, Imogen N.; Odell-Miller, Helen; Stensæth, Kurette; Tamplin, Jeanette; Baker, Felicity. Learning to use music as a resource: the experiences of people with dementia and

their family care partners participating in a home-based skillsharing music intervention: a HOMESIDE sub-study. *Frontiers in medicine* 2023; Volum 10. NMH

Overå, Monika. Music therapy in paediatric palliative care: A scoping review. *British Journal of Music Therapy (BJMT)* 2023 NMH

Ruud, Even; Trondalen, Gro. En utdanning i musikkterapi – en sentral del av Norges musikkhøgskoles samfunnsansvar. I: *Høyere musikkutdanning: Historiske perspektiver*. Cappelen Damm Akademisk 2023 ISBN 9788202825690. s.173-200 NMH UiO

Skånland, Marie Strand; Trondalen, Gro. The therapeutic relationship in music therapy in a Flexible Assertive Community Treatment team: A joint interview study of service users and their music therapist. *British Journal of Music Therapy (BJMT)* 2023 NMH AHS

Soo, Vanessa Pac; Baker, Felicity; Sousa, Tanara Vieira; Miller, Helen Odell; Stensæth, Kurette; Wosch, Thomas; Bukowska, Anna; Tamplin, Jeanette; Lautenschlager, Nicola; Braat, Sabine; Lamb, Karen. Statistical analysis plan for HOMESIDE: a randomised controlled trial for home-based family caregiver-delivered music and reading interventions for people living with dementia. *Trials* 2023 ;Volum 24.(1) NMH

Stedje, Kristi; Sousa, Tanara; Odell-Miller, Helen; Stensæth, Kurette; Bukowska, Anna; Tamplin, Jeanette; Wosch, Thomas; Baker, Felicity; Kvamme, Tone Sæther; Johansson, Kjersti. The Influence of Home-Based Music Therapy Interventions on Relationship Quality in Couples Living with Dementia—An Adapted Convergent Mixed Methods Study. *International Journal of Environmental Research and Public Health (IJERPH)* 2023; Volum 20.(4) NMH

Stuart-Röhm, Karyn; Clark, Imogen N.; Baker, Felicity. Person-centred caregiver singing for people living with dementia in South Africa: A mixed methods evaluation of acceptability, feasibility, and professional caregivers' experiences. *Health Expectations* 2023 NMH Tahirbegi, Damla. Exploring emotion regulation in small ensemble contexts; three cases from higher music education. *Learning, Culture and Social Interaction* 2023; Volum 42. s.1-16 NMH

Stuart-Röhm, Karyn; Baker, Felicity; Clark, Imogen. Training formal caregivers in the use of live music interventions during personal care with persons living with dementia: a systematic mixed studies review. *Aging & Mental Health* 2023 NMH

Tamplin, Jeanette; Haines, Simon J.; Baker, Felicity; Sousa, Tanara Vieira; Thompson, Zara; Crouch, Helen; Dunn, Stephen; Tull, Victoria; Vogel, Adam P.; Morris, Meg E.. ParkinSong Online: Feasibility of Telehealth Delivery and Remote Data Collection for a Therapeutic Group Singing Study in Parkinson's. *Neurorehabilitation and Neural Repair* 2023 NMH

Thompson, Zara; Tamplin, Jeanette; Vieira Sousa, Tanara; Carrasco, Romina; Flynn, Libby; Lamb, Karen E.; Lampit, Amit; Lautenschlager, Nicola T.; McMahon, Kate; Waycott, Jenny; Vogel, Adam P.; Woodward-Kron, Robyn; Stretton-Smith, Phoebe A.; Baker, Felicity. Content development and validation for a mobile application designed to train family caregivers in the use of music to support care of people living with dementia. *Frontiers in medicine* 2023; Volum 10. NMH

Trondalen, Gro. *Ethical Musicality*. Routledge 2023 (ISBN 9781032111261). NMH

## Vitskaplege publikasjonar frå NORCE (GAMUT)

Bauer-Rusek, Sofia; Shalit, Shachar; Yakobson, Dana; Levkovitz, Orly; Ghetti, Claire; Gold, Christian; Stordal, Andreas Størksen; Arnon, Shmuel. Music therapy and weight gain in preterm infants: Secondary analysis of

the randomized controlled LongSTEP trial. *Journal of Pediatric Gastroenterology and Nutrition - JPGN* 2023; Volum 78.(1) s. 113-121. UiB NORCE

Gaden, Tora Söderström; Gold, Christian; Assmus, Jörg; Kvestad, Ingrid; Stordal, Andreas Størksen; Bieleninik, Lucja; Ghetti, Claire. Treatment fidelity in a pragmatic clinical trial of music therapy for premature infants and their parents: the LongSTEP study. *Trials* 2023; Volum 24. NORCE UiB

Ghetti, Claire; Gaden, Tora Söderström; Bieleninik, Lucja; Kvestad, Ingrid; Assmus, Jörg; Stordal, Andreas Størksen; Aristizabal Sanchez, Luisa Fernanda; Arnon, Shmuel; Dulsrud, Jeanette; Elefant, Cochavit; Epstein, Shulamit; Ettenberger, Mark; Glosli, Heidi; Konieczna-Nowak, Ludwika; Lichtensztein, Marcela; Lindvall, Merethe Wolf; Mangersnes, Julie; Murcia Fernández, Luz Dary; Røed, Catharina Janner; Saá, Gladys; Van Roy, Betty; Vederhus, Bente Johanne; Gold, Christian. Effect of Music Therapy on Parent-Infant Bonding Among Infants Born Preterm: A Randomized Clinical Trial. *JAMA Network Open* 2023; Volum 6.(5). UiB NORCE AHUS OUS HAUKELAND

Hannibal, Niels; Pedersen, Inge Nygaard; Bertelsen, Lars Rye; Nielsen, René Ernst; Gold, Christian. Process-outcome relations in music therapy versus music listening for people with schizophrenia viewed through a mediational model: the role of the therapeutic alliance. *Frontiers in Psychiatry* 2023; Volum 14. NORCE

Krüger, Viggo; Alexander, Crooke; Solberg, David Hope; Sæle, Eirik Aurlund. Exploring the Potential for Music Therapy to Support 21st Century Education Goals. Interviews with six Norwegian Teachers. *Voices: A World Forum for Music Therapy* 2023; Volum 23.(1). UiB NORCE

Loria, Marianna Ruiz; Groessing, Alexander; Guran, Alexandrina; Koçan, Asena U.; Mikus, Nace; Nater, Urs M.; Kouwer, Karlijn; Posserud, Maj-Britt Rocio; Salomon-Gimmon, Maayan; Todorova, Boryana; Wagner, Isabella C.; Gold, Christian; Silani, Giorgia; Specht, Karsten. Music for autism: a protocol for an international randomized crossover trial on music therapy for children with autism. *Frontiers in Psychiatry* 2023; Volum 14. NORCE UiB HAUKELAND UiT

Matziorinis, Anna Maria; Flo, Birthe Kristin; Skouras, Stavros; Dahle, K.; Henriksen, Anne; Hausmann, Frøydis; Sudmann, Tobba Therkildsen; Gold, Christian; Koelsch, Stefan. A 12-month randomised pilot trial of the Alzheimer's and music therapy study: a feasibility assessment of music therapy and physical activity in patients with mild-to-moderate Alzheimer's disease. *BMC Pilot and Feasibility Studies* 2023; Volum 9.(1). UiB HVL NORCE

Murphy, Kathleen M.; Krüger, Viggo; Pomerselig, Noah; Stige, Brynjulf; Washington-Guillemet, Rhe. Community Music Therapy in the United States: A Thematic Analysis. *Voices: A World Forum for Music Therapy* 2023; Volum 23.(1). NORCE UiB

## Vitskaplege publikasjonar frå Universitetet i Bergen (GAMUT)

Bauer-Rusek, Sofia; Shalit, Shachar; Yakobson, Dana; Levkovitz, Orly; Ghetti, Claire; Gold, Christian; Stordal, Andreas Størksen; Arnon, Shmuel. Music therapy and weight gain in preterm infants: Secondary analysis of the randomized controlled LongSTEP trial. *Journal of Pediatric Gastroenterology and Nutrition - JPGN* 2023; Volum 78.(1) s. 113-121. UiB NORCE

Berget, Jørgen Aasen; Senneseth, Trude; Stige, Brynjulf. Betydningsfull gjennom musikk: En samfunnspsykologisk studie av musikkterapiens ringvirkninger i barnehagen. *Tidsskrift for Norsk Psykologforening* 2023; Volum 60.(2) s. 80-88. HVL HAUKELAND UiB

Epstein, Shulamit; Elefant, Cochavit; Arnon, Shmuel; Ghetti, Claire. Music therapy spanning from NICU to home: An interpretative phenomenological analysis of Israeli parents' experiences in the LongSTEP

Trial. *Nordic journal of music therapy* 2023; Volum 32.(5) s. 373-396. UiB

Gaden, Tora Söderström; Gold, Christian; Assmus, Jörg; Kvestad, Ingrid; Stordal, Andreas Størksen; Bieleninik, Lucja; Ghetti, Claire. Treatment fidelity in a pragmatic clinical trial of music therapy for premature infants and their parents: the LongSTEP study. *Trials* 2023; Volum 24. NORCE UiB

Ghetti, Claire; Gaden, Tora Söderström; Bieleninik, Lucia; Kvestad, Ingrid; Assmus, Jörg; Stordal, Andreas Størksen; Aristizabal Sanchez, Luisa Fernanda; Arnon, Shmuel; Dulsrud, Jeanette; Elefant, Cochavit; Epstein, Shulamit; Ettenberger, Mark; Glosli, Heidi; Konieczna-Nowak, Ludwika; Lichtensztein, Marcela; Lindvall, Merethe Wolf; Mangersnes, Julie; Murcia Fernández, Luz Dary; Røed, Catharina Janner; Saá, Gladys; Van Roy, Betty; Vederhus, Bente Johanne; Gold, Christian. Effect of Music Therapy on Parent-Infant Bonding Among Infants Born Preterm: A Randomized Clinical Trial. *JAMA Network Open* 2023; Volum 6.(5). UiB NORCE AHUS OUS HAUKELAND

Ghetti, Claire; Schreck, Brian; Bennett, Jeremy. Heartbeat recordings in music therapy bereavement care following suicide: Action research single case study of amplified cardiopulmonary recordings for continuity of care. *Action research* 2023. UiB

Halstead, Jill; Hilder, Thomas Richard. Deep Listening with Pauline Oliveros: The Queer Ear and Radical Care. I: *The Oxford Handbook of Queer and Trans Music Therapy*. Oxford University Press 2023 ISBN 9780192898364. NTNU UiB

Høffding, Simon; Snekkestad, Torben; Stige, Brynjulf. Enactivist music therapy: Toward theoretical innovation and integration. *Nordic journal of music therapy* 2023. UiO NMH UiB

Klyve, Guro Parr; Rolvsjord, Randi; Elgen, Irene Bircow. Polyphonic perspectives: a focus group study of interprofessional staff's perceptions of music therapy at an inpatient unit for children in mental health care. *International Journal of Qualitative Studies on Health and Well-being* 2023; Volum 18.(1). UiB HAUKELAND

Kristiansen, Frode Aass; Stige, Brynjulf; Helle-Valle, Anna. Characteristics of music therapy With beneficial impacts on agitation in dementia. *Voices: A World Forum for Music Therapy* 2023; Volum 23.(2). UiB SIV

Krüger, Viggo; Alexander, Crooke; Solberg, David Hope; Sæle, Eirik Aurlund. Exploring the Potential for Music Therapy to Support 21st Century Education Goals. Interviews with six Norwegian Teachers. *Voices: A World Forum for Music Therapy* 2023; Volum 23.(1). UiB NORCE

Krüger, Viggo; Murphy, Kathleen M.; Nordanger, Dag; Wilhelmsen, Christine. Music therapy for adolescents in a child welfare setting - a qualitative interview study. *British Journal of Music Therapy (BJMT)* 2023. OSLOMET NMH UiB

Matziorinis, Anna Maria; Flo, Birthe Kristin; Skouras, Stavros; Dahle, K.; Henriksen, Anne; Hausmann, Frøydis; Sudmann, Tobba Therkildsen; Gold, Christian; Koelsch, Stefan. A 12-month randomised pilot trial of the Alzheimer's and music therapy study: a feasibility assessment of music therapy and physical activity in patients with mild-to-moderate Alzheimer's disease. *BMC Pilot and Feasibility Studies* 2023; Volum 9.(1). UiB HVL NORCE

Mcivor, Denise Straume Hansen. Exploring the Client-Therapist Relationship in Music Therapy: A Qualitative Study in Adult Mental Healthcare. *Voices: A World Forum for Music Therapy* 2023; Volum 23.(3). UiB

Murphy, Kathleen M.; Krüger, Viggo; Pomeroy, Noah; Stige, Brynjulf; Washington-Guillemet, Rhe. Community Music Therapy in the United States: A Thematic Analysis. *Voices: A World Forum for Music Therapy* 2023; Volum 23.(1). NORCE UiB

# Vedlegg 4: Årsrapport 2023 fra Polyfons erfaringspanel

*Skrevet av koordinator for brukermedvirkning, Kristianne Storhaug Ervik*

Polyfons erfaringspanel er et uavhengig rådgivende organ som ble etablert 4. juni 2018.

## Representanter i panelet

- Mennesker med egenerfaring fra musikkterapi, pårørende, samt representanter fra brukerorganisasjoner og råd
- I 2023 bestod panelet av 7-8 representanter inkludert erfaringskonsulent ansatt i Polyfon
- Håvard Alisøy Søvig var nestleder i erfaringspanelet frem til sommeren 2023. Anita Lid ble formelt valgt som ny nestleder ved akklamasjon på panelmøtet 10. november

## Arbeidsoppgaver

- Bidra til at kjennskapen til musikkterapi øker blant brukere og pårørende og i samfunnet ellers
- På selvstendig grunnlag komme med innspill på behov innenfor tjenesteutvikling, forskning, utdanning og andre tema som panelet ønsker å ta opp
- Respondere når Polyfons styringsgruppe eller aktuelle arbeidsgrupper ber om råd
- Delta i planlegging og gjennomføring av Polyfon-konferansen

## Møter

Vårsemesteret 2023 ble følgende møter holdt i erfaringspanelet: 10. februar (digitalt), 19. april (digitalt), 15. juni (fysisk i Bergen).

Høstsemesteret 2022 ble følgende møter holdt i erfaringspanelet: 4. september (digitalt), 10. november (fysisk i Bergen) og 6. desember (digitalt)

## Viktige saker

### Overordna brukermedvirkning

- Bukermedvirkning på strategisk nivå  
På det fysiske panelmøtet i Bergen i november ble det avholdt et seminar om brukermedvirkning på strategisk nivå. Eli Sjo, nestleder i brukerutvalget på Haukeland og leder i brukerpanelet til Alrek helseklynge, holdt et innlegg. Etterpå ble det en økt med kreative lapper.
- Møter og språkbruk  
Et av tiltakene som ble påbegynt i 2023 er at leder og nestleder i erfaringspanelet har et forberedende møte med klyngeleder i forkant av styringsgruppemøtene. Sakslista til styringsgruppa blir gjennomgått. Det skal være lav terskel for å stille spørsmål og tid til å gjøre seg godt kjent med sakene og språkbruken.
- Erfaringspanelets mål og reell innflytelse  
Det har vært usikkerhet rundt erfaringspanelets mål og hvilke arbeidsoppgaver som burde prioriteres. Dette har ledet frem til at det blir gjennomført en utviklingsprosess i 2024 hvor mandat, arbeidsoppgaver, prosedyrer, sammensetning, behov for opplæring mm. blir gjennomgått.

### Formidling

- Betydningen av formidlingsarbeid  
Det er viktig for panelets medlemmer å drive med formidling om hvilken betydning musikkterapi har. Det kan for eksempel være gjennom å delta på konferanser for erfaringskonsulenter. Det er viktig å møte andre og at andre får møte panelet.

- Kronikk  
Panelet har jobbet med en kronikk om musikkterapi. Som en del av dette arbeidet ble det invitert inn en journalist som holdt en kronikk-workshop for panelet på junimøtet.
- Roll-up  
Panelet fikk innvilget formidlingsstøtte til design og produksjon av egen roll-up. Et av panelets egne medlemmer tok på seg designoppdraget. Tanken er at denne roll-up-en kan settes opp på konferanser og andre arenaer.

#### Andre saker

- Polyfons strategiprosess  
To av erfaringspanelets medlemmer har sittet i strategigruppa, den ene som nestleder. Ellers har erfaringspanelet kommet med viktige tilbakemeldinger til strategidokumentet ved flere anledninger.
- Fagrådet  
I forbindelse med erfaringspanelets møte i juni, ble det avholdt et felles møte med Polyfons nyestablerte fagråd. Det ble en fin dialog mellom erfaringskompetanse og fagkompetanse.
- Økonomi  
Panelet skulle gjerne hatt en økonomisk pott til egen disposisjon. Da er man ikke avhengig av å søke om støtte når man ønsker å skape aktivitet utenom panelmøtene. Det er ikke alt panelet ønsker å gjøre som er gjennomførbart på grunn av manglende økonomisk forutsigbarhet.
- Nasjonal kunnskapsklynge  
Det er et uttalt ønske om å ha et fysisk panelmøte i Oslo. Polyfon er ikke lenger et regionalt prosjekt, men en nasjonal kunnskapsklynge. Erfaringspanelet har tre medlemmer som holder til i Osloregionen.



Silje Rasmussen Sandnes og Kristianne Ervik fra Erfaringspanelet under Polyfon-konferansen 2023, sammen med Polyfons styringsgruppeleder Randi-Luise Møgster. Foto: Julie Amalien Simon.